



09.11.22

Til rektor Gunn Marit Haugsbø

SØKNAD OM KLASSEBALLAR PÅ 5.-7. TRINN

På vegne av alle elevane på 5.-7. trinn, ynskjer elevråd 5-7 å søke om at det blir kjøpt inn nye klasseballar til alle klassane på mellomtrinnet. Vi ynskjer dette fordi vi opplev at mange ballar har blitt borte, og vi opplev at det blir mykje diskusjonar og krangling om kven som eig dei ulike ballane.

I elevrådet har vi sett på ulike idear og måtar til å kunne ta vare på ballane. Vi ynskjer at dersom det blir kjøpt inn nye ballar, skal desse vare ei stund. Våre forslag for å få dette til er:

- Alle ballane må merkast. Dei må då merkast med kva årskull ballen tilhøyrer og om den tilhøyrer gruppe A eller B. I tillegg må den merkast med skuleball, slik at vi kan skilje dei frå idrettar på kveldstid. Merkinga må vere tydeleg med stor skrift.
- Ballane må ha ein fast plass i kvart klasserom.
- Ein må gjere avtalar i klassane om at den som tek ut ballen også har ansvar for å ta den inn att. Dette kan ein t.d. gjere ved å setje opp ei ansvarsliste for ulike friminutt.
- Dersom nokon ser ein ball som ligg ute, må ein ta den med inn og gje den til den klassen den høyrer til.
- Dersom ein ser at andre kull brukar vår ball, må vi seie frå til vaksne.
- Elevane brukar ballane som høyrer til sin klasse.

Vi håpar med dette at rektor ser at vi har gjort eit grundig forarbeid og at vi har eit ynskje om å ta vare på det utstyret vi får.

Vi søkjer med dette om følgjande:

- 1 fotball til kvar klasse (totalt 6 ballar)
- 1 stikkball til kvar klasse (totalt 6 ballar)

Vi håpar på positivt svar!

Beste helsing

Styret i elevråd 5-7

Emily Jensen Fauske
- *elevrådsleiar* -

Kristoffer Hylland Fitje
- *nestleiar* -

Nora Taule Leikanger
- *referent* -